



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato
12.06.2018
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2018/520 730
Dykkar referanse
«REF»

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tilskot til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak i helse- og omsorgstenestene 2018

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post med utlysningsbrev dagsett 14. februar 2018, samt kommunen sin søknad av 23. mars 2018.

Tilskotet skal stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidas utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunanes eigen prioritering. Vi vil gjøre merksam på at det ikkje blir gitt tilskot til inventar/utstyr i høve innovasjons søknader.

Tildeling av tilskot for 2018

Kompetansetiltak	kr. 315 000,-
BPA	Ikkje søkt
Innovasjon	179 000,-
Sum til utbetaling	kr. 494 000,-

Ubrukt tilskot frå 2017 som er godkjent overført til 2018 kjem i tillegg til dette.

Godkjent overført til 2018:

Innovasjon	kr. 221 000,-
Sum til overføring	kr. 221 000,-

Sjå vedlagte excel-skjema for utfyllande informasjon.

Reglar for klagebehandling

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningslova § 28.

Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har fått tilbake utfyldt stadfestingskjema, sjå vedlegg.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til fmhopostmottak@fylkesmannen.no snarast.

Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell omdisponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt sokjast overført til neste års budsjett.

Rekneskapen for tilskotet skal førast separat, skilt frå den kommunale rekneskapen, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løyvingsreglementet.

Det er eit krav at rekneskapsdata og dokumentasjon av dei faktiske opplysningane som ligg til grunn for tilskotet, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

Krav til rapportering på at mål er nådd:

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportane skal sendast oss elektronisk, og rapporteringsskjema finns på våre nettsider. To rapporteringsskjema skal fyllast ut, eit skjema for hele tilskotet og eit excel-ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2018
- For innovasjonsprosjekter er det krav til rapport på at mål er nådd, sjå rapporteringsskjema
- Frå 2018 er det stilt krav om revisorkontroll ved eit samla tilskotsbeløp over 200 000 kroner for kompetansetiltak, BPA og innovasjonsprosjekt.

Frist for rapportering er 01.04.2019. E-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Ytterlegare krav til rapportering:

Forskningsrapportar og anna dokumentasjon frå innovasjonsprosjekter under denne tilskotsordninga skal sendast:

Senter for Omsorgsforskning, Høgskolen i Gjøvik, Postboks 191, 2802 Gjøvik
E-post: postmottak@hig.no

Med helsing

Sjur Lehmann
ass. fylkeslege /seksjonsleiar

Beate Helland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Tilskotsoversikt
Stadfesting

Kopi med vedlegg til:
Helge Kvam Pb 79, 5906 Frekhaug